



MØTEPROTOKOLL

Utval: Ulstein kommunestyre
Møtestad: Kommunestyresalen, Ulstein rådhus
Dato: 20.09.2018
Tid: 18:00–21:35

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Knut Erik Engh	Ordførar	FRP
Alf Johan Antonsen	Medlem	FRP
Einar Nevstad	Medlem	FRP
Jon Åge Eidem	Medlem	FRP
Svein Børre Dimmen	Medlem	FRP
Heidi Strand	Medlem	H
Tor Meinseth	Medlem	H
Kari Warholm	Medlem	H
Knut Kleiven	Medlem	H
Egil Ulfstein	Medlem	H
Renathe Rossi-Kaldhol	Medlem	AP
Hanne Notøy	Medlem	AP
Marianne Breivik	Medlem	AP
Ottar Kaldhol	Medlem	AP
Steinar Torvik	Varaordførar	KRF
Trond Berg	Medlem	KRF
Odd Arne Vikebakk	Medlem	KRF
Pål Grødahl	Medlem	V
Lisa Mari Breivik Anderson	Medlem	SP
Oddvar Gjerde	Medlem	SP
Morten Feiring	Medlem	SV

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magne Grimstad jr.	MEDL	AP
Eldar Knotten	MEDL	V
Hannelore Måseide	MEDL	V
Mariette Gjerde	MEDL	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Nils Einar Garnes	Mariette Gjerde	FRP
Jostein Vartdal	Magne Grimstad jr.	AP
Håkon Waage	Hannelore Måseide	V
Eldar Stein Flø	Eldar Knotten	V

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Einar Vik Arset	Rådmann
Verner Larsen	Assisterande rådmann
Arne Runar Vik	Kommunalsjef for teknisk sektor
Gry Osnes Nordal	Kommunalsjef for oppvekst- og kulturetaten
Marit Botnen	Kommunalsjef for helse- og omsorgsetaten
Anita Sundnes	Leiar for plan- og bygningsavdelinga
Sindre Moltu Riisøen	IT-konsulent
Svein Arne Orvik	Leiar, avd. for demokrati og kommunikasjon

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaknr
	SPØRJETIME / OPEN TALARSTOL	
PS 18/59	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE	
PS 18/60	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE	
PS 18/61	MELDINGSSAKER	
RS 18/26	SSR - FERDIGSIGNERT PROTOKOLL FRÅ MØTET I REPRESENTANTSKAPET 25/5-2018	2018/695
DS 18/1	HANNELORE MÅSEIDE - SVAR PÅ SØKNAD OM PERMISJON FRÅ KOMMUNALE VERV	2017/152
PS 18/62	KOMMUNALT BIDRAG TIL TV-AKSJONEN 2018	2018/838
PS 18/63	SAMARBEID OM SKATTEINNKREVJING MELLOM KOMMUNANE HERØY, ULSTEIN OG VANYLVEN - GODKJENNING AV VERTSKOMMUNEAVTALE	2018/1202
PS 18/64	DETALJREGULERING FOR ULSTEIN VERFT AS - HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN.	2012/734
PS 18/65	SNOEZELLEN SOM SPESIALPEDAGOGISK METODE - ENDRING I TILBODET	2018/182
PS 18/66	ETABLERING AV ULSTEIN NÆRINGSFORUM, KOMMUNALT TILSKOT	2018/957

ORIENTERINGAR

- *CityPlanner – verktøy for medverknad og innbyggardialog*, ved Anita Sundnes, leiar i plan- og bygningsavdelinga
- *Verksemda i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk*, ved Einar Heimdal, dagleg leiar

OPEN TALARSTOL

- *Velferdsteknologi og virtuell verkelegheit*, ved Nils Johan Husøy

OVERSENDINGSFRAMLEGG

Framlegg frå KrF

Premiss/retningsliner for tildeling av jubileumstilskot/støtte

Ulstein kommune ynskjer å vere ein god støttespelar i det allsidige og viktige arbeidet som vert gjort av lag og organisasjonar i vår kommune.

Ulstein kommunestyre ber formannskapet om at det vert fremja ei sak for politisk handsaming der premissar/retningsliner for deling av jubileumstilskot/støtte vert konkretiserte/klarlagde.

Røysting:

Framlegget frå KrF vart vedteke med 25 mot 0 røyster.

Framlegg frå Senterpartiet

Ulstein kommune vil ha eit godt nynorsk opplæringsmiljø for elevane våre.

Nyare undersøkingar syner at altfor mange norske skular gjev nynorskelevane digitale læremiddel som berre finst på bokmål eller engelsk, trass i at opplæringslova er tydeleg på at skuleeigar har ansvar for at nynorskelevane skal få alle læremidla sine på nynorsk. Som føregangskommune innanfor digitalisering i skulen har Ulstein kommune eit viktig ansvar, både lokalt og nasjonalt, for å sikre at digitaliseringa ikkje fører til ei svekking av dei språklege rettane til elevane.

Nynorskelevane ser mindre av språket sitt rundt seg enn bokmåselevane gjer. Det er difor ekstra viktig at dei får sjå og lese mest mogleg nynorsk i opplæringa.

Ulstein kommunestyre ber formannskapet vurdere å innføre strengare krav til innkjøp av digitale læremiddel som t.d. ved å:

- ikkje kjøpe inn og nytte digitale læremiddel på bokmål
- gje klar melding til tilbydarar om at kommunen ikkje kan gjere innkjøp om læremiddelet ikkje finst på nynorsk

Kommunestyret ber også om at ein vurderer kva andre tiltak som best kan bidra til at fleire digitale læremiddel vert gjort tilgjengeleg på nynorsk.

Ulstein kommune bør jobbe saman med andre nynorskkommunar, både regionalt og nasjonalt, for å gjere det lettare å få gjennomslag hjå læremiddelutviklarane.

Røysting:

Framlegget frå Senterpartiet vart vedteke med 25 mot 0 røyster.

EVENTUELT

Taletid i kommunestyret

Framlegg frå ordføraren:

1. Den som vil ha ordet på talarlista viser det ved å rekke ein finger i veret, og to fingrar for å få replikk til siste talar.
2. Ordstyrar fører opp talarliste etter kvart som dei ulike representantane teiknar seg. Talarlista skal settast opp slik at kvart parti får prioritet i starten på talarlista for å legge fram partis standpunkt. Deretter kjem talar nr 2 frå partia dersom det er behov for å utfylle debatten eller for å markere at gruppa er delt.
3. Kvart parti får tildelt talartid etter størrelse og talartida vert fordelt slik:

Gruppeleiar eller den som fører saka for partiet: inntil 5 min

Andre: inntil 3 min

Replikk: intill 1 min

Rådmann (svar på spørsmål heilt til slutt) intill 3 min

Alle parti får i utgangspunktet inntil 5 minutt til innleiing + 1 minutt ekstra per kommunestyrerepresentant utover gruppeleiar, dvs.:

Parti	Gruppeleiar/innleiar	Repr.tillegg	Samla
Frp	5 min	5 min	10 min
Høgre	5 min	4 min	9 min
Ap	5 min	4 min	9 min
Krf	5 min	2 min	7 min
V	5 min	2 min	7 min
SP	5 min	1 min	6 min
SV	5 min	0 min	5 min
TOTALT	35 min	18 min	53 min

Ordføraren varslar når det er eit halvt minutt igjen og handhevar elles taletida strengt.

4. Ordføraren set strek under første innlegg slik at alle som skal ha ordet må teikne seg då.
5. Partia vert oppmoda til å førebu seg godt, og til å peike ut kven som skal føre saka på vegne av partiet.
6. Partia vert også oppmoda til å velje ut dei sakene som er viktigast å markere seg i, slik at debatten og møta ikkje vert for lange. Dette vil gjere det meir interessant for tilhøyrarar og sjåarar.

Justert framlegg frå ordføraren:

Punkt 4 går ut.

Kvar gruppe får i utgangspunktet taletid på fem minutt, deretter tre minutt for andre innlegg og to minutt for dei påfølgande.

Røysting:

Det justerte framlegget frå ordføraren fekk 11 røyster og fall.

Ulsteinvik, 20.9.2018

Knut Erik Engh
ordførar

Svein Arne Orvik
møtesekretær

Oddvar Gjerde

Marianne Breivik

PS 18/59 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 20.09.2018:

Innkallinga og saklista vert godkjende.

Handsaming:

Eitt dokument i sak PS 18/66 vart ettersendt før møtet: *Saka om etablering av Ulstein Næringsforum og nedlegging av Ulstein Næringslag* – e-post frå adm. direktør Stig Brautaset i SpareBank 1 Søre Sunnmøre til ordføraren 19.9.2018

PS 18/60 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 20.09.2018:

Protokollen frå møtet 21.6.2018 vert godkjent.

PS 18/61 MELDINGSSAKER

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 20.09.2018:

Kommunestyret tek meldingane til vitende.

RS 18/26 SSR - FERDIGSIGNERT PROTOKOLL FRÅ MØTET I
REPRESENTANTSKAPET 25/5-2018

DS 18/1 HANNELORE MÅSEIDE - SVAR PÅ SØKNAD OM PERMISJON FRÅ
KOMMUNALE VERV 'HANNELORE MÅSEIDE'

PS 18/62 KOMMUNALT BIDRAG TIL TV-AKSJONEN 2018

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 20.09.2018:

Ulstein kommune bidreg med 35 000 kroner til årets tv-aksjon. Bidraget vert dekt over formannskapet sin tilleggsløvingskonto.

Handsaming:

Tilrådinga frå ordføraren vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 18/63 SAMARBEID OM SKATTEINNKREVJING MELLOM KOMMUNANE HERØY, ULSTEIN OG VANYLVEN - GODKJENNING AV VERTSKOMMUNEAVTALE

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 20.09.2018:

Ulstein kommune godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles skatteoppkrevjar for Herøy kommune (vertskommune), Vanylven kommune (samarbeidskommune) og Ulstein kommune (samarbeidskommune).

Handsaming:

Renathe Rossi-Kaldhol bad kommunestyret vurdere gildskapen hennar fordi ho er kommunalsjef og med i den strategiske leiinga i Herøy kommune. Kommunestyret fann at ho er gild i saka.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 24 mot 1 røyst.

PS 18/64 DETALJREGULERING FOR ULSTEIN VERFT AS - HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN.

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 20.09.2018:

Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, framlegg til detaljregulering for Ulstein verft AS, PlanID 20170001 datert 03.03.2017, sist revidert 19.06.2018, med tilhøyrande føresegner, datert 06.09.2018.

Ulstein kommunestyre opphevar i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, den del av PlanID 20000001 som PlanID 20170001 overlappar.

Handsaming:

Tilrådinga frå teknisk utval vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 18/65 SNOEZELLEN SOM SPESIALPEDAGOGISK METODE - ENDRING I TILBODET

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 20.09.2018:

Ulstein kommunestyre sluttar seg til uttalen frå levekårsutvalet, med slike endringar:

Punkt 2: Levekårsutvalet forventar at representantar frå brukarane (pårørande), fagpersonell frå kompetansesenteret og USAS blir involvert i ovannemnte prosess/arbeid.

Punkt 3: Saka vert lagt fram for levekårsutvalet den 3.10.2018 og for vidare handsaming i formannskap og kommunestyre den 25.10.2018.

Handsaming:

Tilråding frå formannskapet:

Kommunestyret sluttar seg til uttalen frå levekårsutvalet, med slik endring av punkt 3:

Saka vert lagt fram for levekårsutvalet den 3.10.2018 og for vidare handsaming i formannskap og kommunestyre den 25.10.2018.

Framlegg frå Arbeidarpartiet:

1. Snoezelentilbodet på Reiten skal bestå.
2. Rådmannen får i oppdrag å sørge for at tilbodet vert tilgjengeleg for fleire born og unge i Ulstein kommune.

Framlegg frå Frp:

Ulstein kommunestyre sluttar seg til uttalen frå levekårsutvalet, med slike endringar:

Punkt 2: Levekårsutvalet forventar at representantar frå brukarane (pårørande), fagpersonell frå kompetansesenteret og USAS blir involvert i ovannemnte prosess/arbeid.

Punkt 3: Saka vert lagt fram for levekårsutvalet den 3.10.2018 og for vidare handsaming i formannskap og kommunestyre den 25.10.2018.

Røysting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet fekk 8 røyster og fall.

Framlegget frå Frp vart vedteke med 15 mot 10 røyster.

Det vart ikkje røysta over tilrådinga for formannskapet.

PS 18/66 ETABLERING AV ULSTEIN NÆRINGSFORUM, KOMMUNALT TILSKOT

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 20.09.2018:

Saka vert utsett til behandlinga av økonomiplan og budsjett.

Handsaming:

Tilråding frå formannskapet:

Ulstein kommune ser positivt på initiativet frå næringslivet om etablering av Ulstein næringsforum, og vil bidra til å nå målsetnadene for næringsforumet, både gjennom aktivt samarbeid og årlege tilskot.

For 2018 vert løyvt kr 280.000 frå formannskapet sin post for tilleggsøyvingar. Dei komande to åra (2019-2020) vert ytt tilskot tilsvarande 100% av samla tilskot frå andre medlemmer, avgrensa til kr 1 million årleg, og dei to påfølgjande åra nedtrappa til 75% av medlemstilskotet. Innanfor ramma av kr 1 million kan kommunale midlar også nyttast til å dublere midlar til prosjekt.

Frå 2023 betaler kommunen ordinær kontingent for større bedrifter. Tiltaket vert innarbeidd i økonomiplanen frå 2019.

Ein føresetnad for tilskotet er deltaking i interimstyret og varig fast styremedlem i selskapet. Ein legg til grunn at Ulstein næringsforum innlemmar dagens næringslag i løpet av første driftsår. Kommunen ber om at ordførar og rådmann tek del i interimstyret, og at ordførar har fast plass i styret, med varaordførar som personleg vara. I utforminga av vedtekter bør det innlemmast rutinar for rapportering av aktivitet og måloppnåing til eigarbedriftene.

Framlegg frå Knut Kleiven:

Saka vert utsett til behandlinga av økonomiplan og budsjett.

Røysting:

Utsettingsframlegget frå Kleiven vart vedteke med 25 mot 0 røyster.

----- o0o -----

Lenke vert sendt til:

1. Formannskapet
2. Rådmannen
3. Ass. rådmann
4. Kommunalsjefane
5. Mellomleiarane
6. Servicetorget
7. Kommunerevisoren
8. Vest Kontroll
9. Kontrollutvalet m/vara

Ulstein kommune
Svein Arne Orvik